



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Kåre Træen
Telefon: 57643004
E-post: fmsfktr@fylkesmannen.no

Vår dato
12.04.2016
Dykkar dato
11.01.2016

Vår referanse
2016/122 - 331.1
Dykkar referanse

Bremanger kommune
Postboks 104
6721 Svelgen

Bremanger kommune – kontroll av budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2019

Bremanger kommunestyre har i møte 17.12.2015, sak 60/15, handsama og vedteke budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2019.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Fylkesmannen skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett og låneopptak.

- **Budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2019 er ikkje godkjent.**
- **Låneopptak på kr 11 488 000 for budsjett 2015 er godkjent.**
- **Godkjenning av andre låneopptak for 2015 og 2016 blir handsama når budsjett og økonomiplan er godkjent.**

Sakshandsaming

Fylkesmannen har ikkje merknader til kommunen si sakshandsaming. Vi legg til grunn at formannskapet si innstilling for budsjett og økonomiplan, med alle framlegg til vedtak, har lege ute til offentliggjennomsyn i minimum 14 dagar, jf. kommunelova § 44 nr. 7 og § 45 nr. 3.

Budsjett 2015 og økonomiplan 2015 – 2018

Bremanger kommune har ikkje eit godkjent budsjett for 2015. Kommunestyret vedtok i møtet 17.12.2015 tertialrapport 2/2015 som revidert budsjett for kommunen. Etter Terra-saka fekk Bremanger kommune godkjent ein plan på 10 år for å dekkje inn eit akkumulert underskot, som var 230,4 mill. kroner i 2008. Det betyr inndecking innan 2018. I saka om revidert budsjett vart det søkt om utvida frist til 2021 for inndecking av underskotet. Dette vart òg lagt til grunn i budsjetteringa til kommunen. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har avgjort at underskota som oppstod i 2007 og 2008 skal dekkast innan 2017 og 2018. Når det gjeld underskotet frå 2014 (25 mill. kroner), har departementet gjeve dispensasjon for at det kan dekkast over 7 år, innan 2021. Kommunestyret har i revidert økonomiplan for 2015 – 2018 vedteke ein plan for inndecking av underskot, der 43,4 mill. kroner skal dekkast i perioden 2019 – 2021. Det betyr at underskotet frå 2008 ikkje blir dekt innan 2018. Revidert budsjett og økonomiplan kan derfor ikkje godkjennast. Men ettersom budsjettåret 2015 er ferdig og det kan ikkje gjerast endringar på dette, så skal ikkje kommunen gjere ny handsaming av budsjett 2015 og økonomiplan 2015 – 2018. I oppstillingar og samanlikningar mellom rekneskap og budsjett, kan kommunen bruke revidert budsjett. Vi godkjenner låneopptak på kr 11 488 000 til fullfinansiering av Svelgen omsorgssenter. Andre budsjetterte låneopptak i 2015 blir av Fylkesmannen handsama saman med søknad om godkjenning av lån for 2016.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Skatteinntekter/rammetilskot – frie inntekter

Kommunen har i budsjettering av inntekt på skatt og formue og rammetilskot lagt til grunn prognosar etter statsbudsjettet for 2016, med folketal pr. 01.07.2015 for rammetilskot og 01.01.2015 for skatt og inntektsutjamninga. Sum skatt og ramme er budsjettert med 252,2 mill. kroner.

Siste prognosemodell til Kommunenes sentralforbund (KS) tek utgangspunkt i vedteke statsbudsjett for 2016, med innbyggjartal per 01.07.2015 for utgiftsutjamninga, og 01.01.2016 for skatt og inntektsutjamninga. Ut i frå dette er prognosen at Bremanger kommune i 2015 får 250,8 mill. kroner i skatt og rammetilskot.

Folketalet i kommunen vart i 2015 redusert med 44 personar, - 1,1 %. Landet auka med 0,9 %. Det er dette som er lagt til grunn for folketal i KS sin prognosemodell for skatteinntekter og inntektsutjamning.

Fylkesmannen sin kommentar

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert i samsvar med statsbudsjettet for 2016. Siste prognosen til KS har folketal pr. 01.01.2016 som grunnlag for skatteberekningar, medan kommunen har som i statsbudsjettet brukt folketal pr. 01.01.2015. Med ein reduksjon i folketalet for kommunen og vekst for landet, vil det bety ein netto reduksjon i prognose for skatteinntekter og inntektsutjamning i 2016 på 1,4 mill. kroner. Etter at revidert nasjonalbudsjett 2016 er framlagt, må kommunen revidere inntektene for rammetilskot og skatteinntekter.

Tidlegare års meirforbruk

Pr. 31.12.2014 hadde kommunen eit akkumulert underskot på 170,6 mill. kroner. Etter førebelse Kostra-tal for 2015-rekneskapen er underskotet redusert til 100 mill. kroner. Dette etter at kommunen kunne inntektsføre 92,6 mill. kroner i eit forlik med DNB for gjeld kommunen hadde til DNB etter Terra-saka. Kommunen har vedteke ein plan med inndekning av 93 mill. kroner fram til 2021, som er 7 mill. kroner lågare enn samla underskot pr. 31.12.2015 (etter førebelse Kostra-tal).

Fylkesmannen sin kommentar

Etter avgjerda til departementet skal kommunen dekkje inn underskota frå 2007 og 2008 innan 10 år, og underskotet frå 2014 innan 2021. Etter planen for inndekning av underskot er underskotet frå 2007 dekt innan 2017, men underskotet frå 2008 er ikkje dekt innan 2018. Det betyr at kommunen må vedta ein ny plan for inndekning av akkumulert underskot pr. 31.12.2015.

Driftsbudsjettet

Netto driftsresultat er budsjettert med 22 mill. kroner, som utgjer 5,5 % av driftsinntektene. Driftsresultatet blir i hovudsak brukt til inndekning av tidlegare underskot.

Det er framleis rettstvistar som ikkje er avklara i Terra-saka. Kommunen har ikkje budsjettert med inntekter som følgje av at dei ev. kan få medhald i rettstvistane. Men det er kome dom i høgsterett for derivatavtalane, og kommunen må ta dommen til følgje i budsjetteringa.

For første gong skal det i 2016 skrivast ut eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedomar, budsjettert inntekt er 5 mill. kroner. I tillegg blir det gjennomført nye takseringar av verk og bruk, slik at sum inntekter frå eigedomsskatt aukar frå 31 mill. i 2015 til 38 mill. kroner i 2016. Det er lagt inn forventa auke i gevinst for sal av konsesjonskraft med 0,9 mill., til 8,1 mill. kroner i 2016. Kommunen skal ta i mot fleire flyktningar og årleg inntekt (integreringstilskot) er auka med 5 mill., til 16 mill. kroner i 2016.

Samla ramme for administrasjon og tenesteområda er budsjettert med ein mindre auke frå revidert 2015-budsjett.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunelova krev at budsjettet skal vere i balanse etter finanstransaksjonar og avsetningar, og at det skal vere realistisk. Men Bremanger kommune har ikkje oppfylt krava til kommunelova om at underskot skal dekkast innan ei maksimal ramme på 10 år.

Investeringsbudsjettet

Kommunen legg opp til eit investeringsbudsjett i 2016 på 73,8 mill. kroner, fordelt på anleggsmidlar 73,1 mill. og eigenkapitalinnskot KLP 0,7 mill. kroner. Investeringane er planlagt finansiert med lån 20,2 mill., overføring frå drifta 0,7 mill., mottekne avdrag på lån/refusjonar 1,1 mill. og bruk av kapitalfond 38,8 mill. kroner. Av nye lån utgjør VAR (sjølvfinansierende) 2,5 mill. kroner. Den største investeringane er innan oppvekst med til saman 35 mill. kroner.

Som Robek-kommune er det etter kommunelova § 50 nr. 9 krav om at kommunale låneopptak skal godkjennast av departementet i dei høve som gjeld § 60 i kommunelova. Departementet har delegert dette myndet til Fylkesmannen.

Fylkesmannen sitt generelle syn på lånegodkjenning til Robek-kommunar er:

- Budsjett og økonomiplan må vere i balanse og nye lån må vere innarbeidd i budsjett og økonomiplan
- Å berre ta opp lån som er sjølvfinansierende
- Å rå frå opptak av lån som aukar driftsutgiftene

Etter kommunelova er det ikkje eit absolutt krav at budsjett og økonomiplan må vere godkjent for at kommunen skal få godkjent nye låneopptak. Kommunen fullfører i 2016 bygginga av Svelgen omsorgssenter, men manglar godkjenning av nytt lån på 11,5 mill. kroner frå 2015-budsjettet. Fylkesmannen godkjenner dette låneopptaket, slik at anlegget blir fullfinansiert og kommunen kan få utbetalt tilskotet frå Husbanken.

Fylkesmannen sin kommentar

Ettersom budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2019 ikkje er godkjende, blir godkjenning av låneopptak først handsama når kommunen har gjort nye vedtak for budsjett og økonomiplan.

Økonomiplan 2016 – 2019

Inntekter frå eigedomsskatt og konsesjonskraft er auka i perioden. Samla ramme for administrasjon og tenesteområda er budsjettert med ein mindre reduksjon frå 2016 til perioden 2017 – 2019. Inndekning av akkumulert underskot er budsjettert med 63,750 mill. kroner.

Investeringar i perioden 2016 – 2019 er samla lagt inn med 161 mill. kroner. Av dette er 87 mill. kroner planlagt finansiert med nye låneopptak. Avdrag er budsjettert med 54 mill. kroner.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunelova krev at økonomiplanen for kvart enkelt år skal vise dekning for dei utgifter og oppgåver som er ført opp. Bremanger kommune har ikkje oppfylt desse krava ettersom planen viser at underskotet frå 2008 ikkje er dekt innan 2018.

Vedtak:

Fylkesmannen skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Bremanger kommune, jf. kommunelova § 60 nr. 2. Vi har føreteke kontrollen, men budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2019 er ikkje godkjende som følgje av at underskotet frå 2008 ikkje er dekt innan 2018. Kommunen må derfor innan 30.06.2016 handame og vedta budsjett 2016 og økonomiplan 2016 – 2019 på nytt, der og underskotet frå 2008 blir dekt innan 2018.

Låneopptak på kr 11 488 000 for budsjett 2015 er godkjent. Godkjenning av andre låneopptak for 2015 og 2016 blir handsama når budsjett og økonomiplan er godkjent.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Kopi pr. e-post: KRYSS Revisjon (postmottak@kryssrevisjon.no)